



STANDARD  
LEVERINGSVILKÅR  
FOR  
FJERNVARME

Hordaland Bioenergi AS  
(HBIO)

**Revidert mai 2016**

## Informasjon om tinging av fjernvarme, vilkår for tilknytning og leveringsvilkår

### 1. Fjernvarme - leveringsområde

Fjernvarme er termisk vassboren energi, levert via varmevekslar hjå kunde.

Fjernvarme vert levert i eller til bygg og område av Hordaland Bioenergi AS eller tilknytte selskap.

### 2. Tilknytning til fjernvarmesystemet

Tilknytning til fjernvarmenettet må vera i samsvar med eventuelle varmeplanar for vedkomande område, og vil verta vurdert i kvart enkelt tilfelle.

### 3. Tinging av fjernvarme

Kunden tingar fjernvarme ved førespurnad til HBio. På førespurnad opplyser HBio om når varmeleveransen kan påreknast. HBio avgjer i kvart enkelt tilfelle om det tinga kundetilhøvet kan godkjennast.

Dersom den som tingar fjernvarmen og den som eig egedomen ikkje er den same juridiske eining, må kunden framleggja skriftleg samtykke til fjernvarmetilknytning frå grunneigar før abonnementet kan godkjennast. Samtykket må innehalda ei stadfesting på at grunneigar aksepterer den delen av desse leveringsvilkåra som vil kunne få noko å seia for han i eigenskap av grunneigar, i samsvar med desse leveringsvilkåra sine pkt. 4.1, 4.2, 4.3, 4.4, 4.5, 5, 6, 7, 9 og 15.4. Dette gjeld likevel ikkje tomtefestetilhøve der det er på det reine at festar har tilgang til å installera fjernvarmeanlegg på egedomen.

Ved skifte av kundetilhøve vil leverings normalt kunne skje seinast ei veke etter tinginga til kunden.

Ved inngåing av leveringsavtale for eksisterande bygg der det skal installerast fjernvarmeanlegg, vert starttidspunktet for leveransen avtalt nærare i særskild avtale med kunden.

For nye bygg skal det takast kontakt med HBio før prosjektering av bygget startar. Tinging skal føreliggja seinast samtidig med byggjeløyvet. Det er gjort nærare greie for fristar og framgangsmåte ved tinging i HBio sine "Tekniske retningsliner for kundesentralar til fjernvarme". Dei tekniske retningslinene er ein del av vilkåra for levering, og finst på HBio sine heimesider, [www.hbio.no](http://www.hbio.no).

For bygg som er pålagt eventuell tilknytingsplikt gjeld eigne retningsliner. Nærare informasjon finst hjå kommunen.

### 4. Leveringsvilkår. Tinging. Urettmessig tileiging av fjernvarme

Desse «Standard leveringsvilkår for fjernvarme» gjeld for alle fjernvarmekundar - dersom ikkje anna er avtalt.

Den som tingar, tek i bruk eller overtek eit abonnement, vert rekna for å ha godteke dei til ei kvar tid gjeldande leveringsvilkåra og fjernvarmetariffane. Ved endringar av leveringsvilkår og tariffar gjeld pkt. 22 nedanfor.

Ved tinging mottok kunden eit eksemplar av desse leveringsvilkåra og opplysningar om gjeldande fjernvarmetariff for vedkomande abonnement. Kunden vert beden om å lesa i gjennom leveringsvilkåra, og å setja seg inn i dei rettane og pliktene som abonnementet fører med seg.

Urettmessig tilknytning, tileigning av fjernvarme samt misbruk av tariffapparat vil verta melde til politiet og kan medføra straffeansvar.

#### *5. Stifting av grunnrettar*

Stifting av rettार i grunnen ved framføring av fjernvarmerøyr skal søkjast inngått ved særskilt avtale om slike rettार med vedkomande grunneigar. Avtalen skal innehalda føresegner i pkt. 4.4, 5, 6, 9 og 15.4 nedanfor. Avtale om stifting av rettार i grunnen skal inngåast skriftleg og kan tinglysast av HBio. Dersom ein ikkje kan oppnå ein slik avtale, skjer stifting av ovannemnde rettार ved oreigning og rettsleg skjøn.

#### *6. Tekniske spesifikasjonar*

Fjernvarme vert levert som sirkulerande vatn med høg temperatur. Trykk, temperatur, strøyming og toleransar på desse vert regulerte både etter årstidene og innanfor døgnet, som oppgjeve i HBio sine tekniske retningsliner.

#### *7. Eigenproduksjon av fjernvarme*

Kunde som sjølv produserer varme eller får han frå andre leverandørar, må ha særskilt skriftleg løyve frå HBio for å få sine installasjonar knytte til HBio sitt fordelingsnett for fjernvarme.

# Ålmenne leveringsvilkår for fjernvarme

## 1. Definisjonar

(a) Fjernvarmesystemet:

- Fellesnemning for varmesentralar, fjernvarmenett, kundesentralar og eventuelle pumpestasjonar.

(b) Varmesentral:

- Produksjonsstad for oppvarming av det vatnet som sirkulerer i fjernvarmenettet.

(c) Fjernvarmenett:

- Distribusjonsnett for fjernvarmevatn. Nettet er bygt opp m.a. av to sett isolerte røyr forlagde i mark eller opphengt innandørs i bygg. Det eine røyret distribuerer oppvarma vatn fram til varmevekslar i kundesentral hjå kundane (tur-røyret). Etter at vatnet har avgjeve varme hjå kundane renn det same vatnet attende via retur-røyret til varmesentralen for ny oppvarming og fordeling.

(d) Primærnett:

- Distribusjonsnett for fjernvarmevatn mellom varmesentral og kundesentral.

(e) Sekundærnett:

- Distribusjonsnett hjå kunden som ligg etter varmevekslar. Grensesnittet går ved utgåande røyrstuss på kundesentral.

(f) Rom for kundesentral:

- Rommet der HBio får disponera plass for kundesentralen sin, røyropplegget sitt og anna utstyr.

(g) Kundesentral:

- Vekslareining for overføring av varme frå fjernvarmenett (primærnett) til kunden sitt sekundærnett (t.d. sentralvarme) for oppvarming, ventilasjon og/eller varmt tappevatn. Kundesentralen er HBio sin eigedom. Denne inneheld i tillegg til varmevekslar også utstyr for temperaturregulering. Målar med tilstrekkeleg kvalitet for kjøp/sal-måling av varmen er også plassert her.

(h) Sentralvarmeanlegg:

- Den del av kundens (sekundærnettets) røyrinstallasjonar og varmefordelingsutstyr som koplas til kundesentralen.

## 2. Levering av fjernvarme. Leveringshindringer

Fjernvarme leveras etter skriftlig bestilling av kunden. Når bestillinga er godkjent av HBIO kan kunden krevja oppfylling av avtalen. Leveringsforpliktinga bortfaller likevel om det føreligger en hindring som HBIO ikkje kan overvinne, eller om oppfylling vil medføre en så stor ulempe eller kostnad for HBIO at det står i vesentlig misforhold til kundens fordel ved at avtalen oppfyllas.

Dersom fjernvarme bare kan skaffa i avgrensa utstrekning, tilkommer det HBIO å bestemme korleis denne skal disponeras til beste for hele forsyningsområdet.

HBIO kan for kortare tid avgrense maksimaluttaket hos enkelte kundar om det er naudsynt med omsyn til HBIO anleggsdeler, eller for å oppretthalde tilfredsstillande leveringskvalitet hos kunden sjølv, eller hos andre kundar.

### 3. Vidaresal av fjernvarme

En kunde kan ikkje utan skriftlig samtykke vidareselgje fjernvarme som blir levert under denne kontrakt. Som vidaresal regnes ikkje levering av fjernvarme over en kundes anlegg i forbindelse med framleige av lokalar i en bygning.

### 4. Fjernvarmesystemet

#### 4.1 Framføring av fjernvarmeledninga. Kostnader ved tilknytning

HBIO framfører fjernvarmenettet til sekundærnettet, utan kostnad for kunden. Det kan likevel fastsettas tilknytingsavgift i samsvar med energilovens § 5-5, ved tilknytning eller ved seinare kapasitetsauking.

HBIO bestemmer type, dimensjon og trasé for fjernvarmeledninga samt type og plassering av anna utstyr. Plassering av fjernvarmeledning fastsettas i samråd med grunneigar og skal skje til minst mulig skade og ulempe for ham. HBIO er bare erstatningsansvarlig for tap som plassering av fjernvarmeledningen seinare medfører dersom HBIO ikkje har tatt rimelig omsyn til grunneigars ynskjer og i tillegg har utvist grov uaktsamheit.

#### 4.2 Plassering av kundesentra i bygning tilhørende kunden

Kundesentral i bygning tilhørende kunden skal stå i godkjent rom. Nærmare spesifikasjonar finnes i de "Tekniske retningslinjer kundesentralar fjernvarme".

#### 4.3 Eiendomsrett. Vedlikeholdsplikt

Kundesentralen og primærnettet er HBIO eigendom, uansett om det helt eller delvis er bekosta av grunneiger eller kunden. HBIO har drifts- og vedlikehaldsansvar for kundesentralen og primærnettet. Det same gjelder for de deler av sekundærnettet kor det er inngått særskilt avtale om drift og vedlikehald med kunden. Dersom vedlikehaldsbehovet skyldas kundens forhold, kan HBIO krevja utgiftene refundert frå kunden.

Sekundærnettet og sentralvarmeanlegget eigas av kunden om ikkje annen avtale er inngått med HBIO. Drift og vedlikehald av sekundærnettet og sentralvarmeanlegget førestått og kosta av kunden. Vedlikehald som kan få betyding for HBIO anlegg skal førehandsvarslas til HBIO på eit så tidlig tidspunkt som mulig. HBIO kan krevja utført arbeider som er nødvendig for å ivareta sikkerhet og drift ved kundens anlegg, og kan sette en rimelig frist for arbeidenes utføring. Dersom eigeran/kunden ikkje retter det påtalte forholdet innsn den fastsette fristen, kan HBIO sjølv bringe det påtalte forholdet i orden for eigarens rekning.

#### 4.4 Utbetringar, vedlikehalds- og endringsarbeider

HBIO skal utan ugrunna opphald utbetra alle skader eller feil på egen del av Fjernvarmesystemet, jf pkt. 4.3 første avsnitt.

HBIO kan for å avverga eller begrensa skade foreta oppgraving av røyrtraséen utan førehandsvarsling. Slike inngrep skal skje til minst mulig skade og ulempe for kunden/grunneigar.

Dersom kundens forhold gjør det naudsynt å flytte røyr som er lagt til forsyning av HBIO kundar, skal kunden betale omkostningane ved dette.

#### 4.5 Framføring av leidningsnett over frammed grunn

HBIO har vederlagsfri rett til å legge rør fram til andre kundar i grunn som en kunde eier eller fester. Pkt 4.1, 4.4, 4.6, 5, 6 og 9 gjelder tilsvarande.

#### 4.6 Flytting og fjerning av fjernvarmeanlegg som følge av offentlige krav

Om det som følgje av påbod frå offentlig myndighet er naudsynt med flytting, forandring eller fjerning av nokre del av fjernvarmenettet, kan kunden eller eventuelt HBIO krevja naudsynte tiltak utførast. Slike tiltak utførast for anleggseigarar rekning.

## **5. Grunneiger/kundens informasjonsplikt**

Grunneiger/kunden plikter straks å melde frå om mulige feil ved fjernvarmenettet.

## **6. Bruk av anleggsmaskiner og spreiding**

Bruk av anleggsmaskiner samt spreiding i nærleik av fjernvarmenettet, skal skje etter anvisning frå HBIO.

Grunneiger har plikt til å underrette HBIO skriftlig før det foretas graving, oppfylling eller annan endring av terrenget, spreiding, vegbygging eller andre arbeider som kan skade eller på annan måte ha betydning for fjernvarmenettet. Underretning om slike arbeider må skje så tidlig at naudsynte tiltak kan iverksettast.

## **7. Rom for Kundesentral og avgjeving av rettigheter i grunn for ledningsanlegg**

HBIO kan krevje at grunneiga/kunden utan vederlag avstår plass i bygning og/eller avgje rettigheter i grunn for framføring av fjernvarmenettet. Rom eller grunn som stilles til rådighet, skal på førehand være godkjent av HBIO. Kunden skal for egen kostnad sørge for rom som skal inneheld kundesentral med tilhøyrande utrustning. Det vises til de "Tekniske retningslinjer kundesentralar fjernvarme" for nærmare informasjon om utforming av kundesentralen. HBIO kan med minst mulig ulempe for eigeran, føre røyr ut frå kundesentralen for levering av fjernvarme til andre kundar. HBIO kan tinglyse sine rettigheter iht. dette punkt.

Rom for kundesentralen må ikkje brukast på ein slik måte at det hindrar drift eller vanskelig gjere tilgang for HBIO. Kunden sørger for og kostar reingjering, oppvarming, belysning og vedlikehald av rom for kundesentralen. Likeeins dekkar kunden naudsynt straumutgifter til drift av HBIO utstyr for regulering og måling av fjernvarme i kundesentralen.

## **8. Fjernvarmeanlegg som ikke eies av HBIO**

### *8.1 Melding om planlagd arbeider*

Kunden skal i god tid, minimum ein månad på førehand, gi skriftlig melding til HBIO ved einkvar utviding, forandring og større reparasjonar av egen del av fjernvarmesystemet, jf. pkt. 4.3 anna avsnitt, som medfører endring av fjernvarmebehovet.

### *8.2 Installasjonsarbeider*

Arbeider som f eks nyanlegg, utviding, forandring og reparasjon av kundens del av fjernvarmesystemet, jf pkt. 4.3 anna avsnitt, må bare foretas av godkjent VVS-entreprenør i samsvar med tekniske normer for fjernvarme.

### *8.3 Krav til kundens materiell, utstyr og apparat*

Kundens materiell, utstyr og apparat skal være utstyrt med nødvendig sikkerheitsutstyr som sikrar det mot å utsettast for høgare trykk og temperatur enn kva det er godkjent for, jf. dei tekniske spesifikasjonar for det enkelte fjernvarmeområdet. HBIO er fri for eitkvart ansvar som følgje av mangel eller feil ved kundens anlegg, utstyr og apparata, med mindre HBIO har utvist uaktsomheit ved utføring av arbeid som nemnt i pkt. 8.2. Elles gjeld pkt. 17, 18 og 21 så langt de passer.

## **9. Adgang til fjernvarmenettet**

HBIO skal mot framvisning av legitimasjonskort gjes tilgang til eigen del av fjernvarmesystemet for å kunne gjennomføre målaravlesning etter pkt. 11.1, kontroller

etter pkt. 10.3 og 11.1 tredje avsnitt, utføre vedlikehold og reparasjoner etter pkt. 4.3 og 4.4 og for å stanse fjernvarmeleveringen og koples frå kundens anlegg etter pkt. 12.1.

## **10. Tariffapparat**

### *10.1 Plassering og val av tariffapparat (energimåler inkl. kommunikasjon)*

HBIO fastsetter plassering, størrelse og type av tariffapparat. Slike apparat eigas, monteras og vedlikehaldas av HBIO.

### *10.2 Ansvar for skader*

Kunden skal sørge for at forsegling på tariffapparatet ikkje blir broten, og han er ansvarlig for skade som påførar tariff- og kontrollapparatet, så fremt han ikkje sannsynleggjør at skaden skyldas hindring som nemd i pkt. 19.

Kunden plikter utan ugrunna opphald å melde frå til HBIO om feil eller skade på tariffapparatet, jf. pkt. 5, og er ansvarlig for de meirkostnader unnlatt varsel medfører.

### *10.3 Kontroll av tariffapparatet*

HBIO kan for egen kostnad foreta kontroll av tariffapparat.

Dersom en kunde ynskjer å få et tariffapparat kontrollert, føretar HBIO kontroll etter skriftlig bestilling. Er den samla feilvisning mindre enn +/- fem prosent på telleverket, vassmåler og føler, har HBIO rett til å krevje kostnaden ved kontrollen dekket av kunden.

### *10.4 Feil ved tariffapparat. Etteroppgjør*

Dersom et tariffapparat ved kontroll viser meir eller mindre enn det verkelige forbruket, eller om tariffapparatet ikkje har verka, berekna forbruket på grunnlag av kundens tidligere normale forbruk i en tilsvarende periode, dersom ikkje kunden kan dokumentere at forbruket i angjeve periode har vært mindre, eller HBIO kan dokumentere at forbruket har vært større. Er slik berekning ikkje mulig, foretas ein skjønsmessig berekning etter pkt. 11.1 tredje avsnitt.

Kunden blir belasa eller godskreve det beløpet som svarer til differansen mellom det antatte forbruket og det målte forbruket. Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling kan likevel ikkje krevjas ved en feilvisning som er mindre enn +/- fem prosent eller for lengre tidsrom enn tre år.

## **11. Måleravlesing. Fakturering og betaling**

### *11.1 Avlesing*

Avlesing av tariffapparat foretas normalt av HBIO. HBIO skal gis adgang til å gjennomføre avlesning sjølv om kunden sjølv ikkje er tilstade.

Småhuskunder foretar sjølvavlesing, og underretter HBIO om avlesing. HBIO kan også pålegge andre kundar å lese av måleren og underrette om avlesingsresultatet. Sjølvavlesingen kan kontrolleras ved stikkprøver. Ved unnlatt underretning fastsetter HBIO et skjønsmessig forbruk basert på gjennomsnittsforbruket for en tilsvarende kunde. Dersom det verkelige forbruket viser seg å være større eller mindre enn det skjønsmessig fastsette, skal avrekning skje etter pkt. 10.4 anna avsnitt. Dersom kunden grovt uaktsom eller forsettlig har oppgitt et lågare måleresultat enn det korrekte, kan HBIO likevel krevja etterbetaling for inntil 10 år.

### *11.2 Fakturering og betaling*

Fakturering skjer på basis av avlest og beregnet forbruk etter pkt. 11.1 og de til einkvar tid gjeldande tariffar.

Betaling skal skje senast på den forfallsdag som er angitt på fakturaen. Ved unnlatt betaling får pkt. 12.1, 13 og 15.2 anvending.

### *11.3 Feil ved avrekning på faktura*

Kunden skal godskrivas og tilbakebetales beløp som urettmessig er fakturert og betalt som følge av feil ved kopling av måler, feil ved måleravlesing, feil utregning av forbruk og andre feil som er begått av HBIO, jf. dog pkt. 10.4 andre avsnitt.

Etterbetaling kan krevjas dersom det viser seg at kunden har betalt for lite. Dette gjelder også om måler ikkje er montert. Pkt. 10. 4 andre avsnitt og 11.1 tredje avsnitt gjelder tilsvarande.

### *11.4 Feilmåling som skyldas anna enn feil ved tariffapparat*

Om en feil ved kundens eigen installasjon eller et forbruksapparat, eller andre forhold på kundens side gjør at tariffapparatet har registrert et forbruk som kunden ikkje har kunna nytte, skal det målte forbruket leggas til grunn ved berekning etter pkt. 11.2.

### *11.5 Sikkerhet for betaling*

HBIO kan når som helst krevja at kunden stiller sikkerhet for riktig betaling ved forfall.

### *11.6 Avrekning utan måler*

Kundar som i særlige tilfelle får levert fjernvarme utan tariffapparat (energimåling), er ansvarlige for at det bare blir brukt forbruksinstallasjonar av den art eller størrelse som er avtalt. Ved brott på denne bestemminga kan HBIO forlange oppsett tariffapparat fjernet for kundens kostnad. Pkt. 14 andre avsnitt gjelder tilsvarande.

## **12. Stogg av fjernvarmelevering. Avstenging og påsetting av en kundes anlegg**

### *12.1 Stogg og avstenging*

Fjernvarmeleveringen kan stanses og kundens anlegg kan avstengd og koplars frå dersom:

- (a) Betaling for fjernvarmen ikkje har skjedd ved forfall og kunden deretter ikkje betaler innan 14 dagar etter at varsel om avstenging er oversend kunden,
- (b) det etter HBIO vurdering er naudsynt på grunn av ettersyn, vedlikehald, utbetringar, endringar og utvidinga av Fjernvarmesystemet samt tilknyttade anlegg og anleggsdeler, jf. pkt. 4.4, eller fordi fjernvarme av andre grunner bare kan skaffas i begrening utstrekning, jf. pkt. 2.
- (c) pålegg om utbetring av manglar ved installasjon ikkje blir etterkomme av kunden til fastsatt tid jf. pkt. 4.3 andre avsnitt,
- (d) anlegget sjåast som farlig og kan volde skade, jf pkt. 4.4,
- (e) det ikkje brukas godkjend apparat, jf. pkt. 10.1,
- (f) kunden tilegner seg fjernvarme eller fjernvarmevann urettmessig eller forsøker å tilegne seg fjernvarme gjennom f.eks å endra forbruksinstallasjonen, jf. pkt. 11.6, skade tariffapparatet eller å fjerne forsegling, jf pkt. 14,
- (g) HBIO ikkje gis adgang for vedlikehald og kontroll av egen del av fjernvarmesystemet, jf. pkt. 9,
- (h) kundens fjernvarmeanlegg er tilkopla utan godkjenning, jf. pkt. 12.2,
- (i) fjernvarmen blir brukt slik at den voldar skade eller ulempe for HBIO eller andre kundar, jf. pkt. 4.4,
- (j) oppseiingstida etter pkt. 15.1 er utløpt,
- (k) kontrakten hevas etter pkt. 15.2,
- (l) slike leveringshindringer som nemnd i pkt. 2 eller pkt. 19 føreligger.



Før anlegget koplas frå i henhold til bokstav (a), (c), (e), (g) og (k) skal det oversendas særskilt varsel til kunden om når avstenging vil finne sted, korleis kunden kan unngå avstenging og om kostnadene ved gjeninnkopling. Varsel skal gis innan rimelig tid og skal oversendas kunden minst 14 dagar før avstenging foretas. Varselet sendes til kundens faktureringsadresse.

Ved avstenging i henhold til pkt. (a) skal HBIO ha forsøkt å kontakte kunden personlig før avstenging skjer. Stenging ihht. denne bestemminga skal heller ikkje skje dersom kunden har sannsynliggjort at dette vil medføre fare for liv og helse eller dersom kunden har innsiging mot grunnlaget for stenging, med mindre innsigelsene openbart er grunnlaus. Avstenging skal heller ikkje skje dersom sosialtjenesta innan 14 dagar etter at stengevarsel er sendt, har meddelt skriftlig at den påtar seg ansvaret for å dekke kundenes forpliktingar.

Ved fråkopling i henhold til bokstav (b) kan varsling foretas i avis som er alminnelig lest på staden. Forøvrig kan stogg og utkopling skje utan noko som helst forvarsel.

Avstenging av et anlegg fritar ikkje kunden for betaling av tariffens faste avgifter i den tida fjernvarme ikkje blir levert på grunn av avstengingen. HBIO er fri for eitkvart ansvar for skader eller tap som kan oppstå hos en kunde ved slik avstenging.

### *12.2 Påsetting*

Om et anlegg er blitt avstengt etter pkt. 12.1, må ingen andre enn HBIO opna anlegget igjen.

Når grunnlaget for avstenging etter 12.1 er bortfalt skal HBIO kople til anlegget. Eit anlegg som er rettmessig avstengt på grunn av kundens vesentlige misligald, vil ikkje bli kopla til før all gjeld til HBIO, herunder faktiske kostnader i samband med påsetting og avstenging, fullt ut er betalt. Det kan dessutan krevjas at kunden stiller sikkerhet for framtidig betaling, f eks i form av forskottsbetaling, depositum og pantsetting.

## **13. Inkasso og renter for sein betaling.**

Ubetalte rekningar vil blir send til inkasso og krevjas inn i henhold til inkassoloven av 13. mai 1988 nr 26. Dersom kravet overlatas til inkasso, vil kunden bli pålagt å betale omkostningane (inkassogebyr) ved slik inndring. Det påløp i tillegg renter i henhold til lov om renter ved for sein betaling av 17. desember 1976 nr 100.

## **14. Urettmessig tilknytning og tilegning av fjernvarme**

Har en kunde tilegnet seg eller forsøkt å tilegne seg fjernvarme urettmessig ved misbruk av tariffapparatet eller på annen måte, kan HBIO pålegge og gjennomføre slike tiltak som anses nødvendig for å hindre urettmessig tilegnelse. Kostnader med slike tiltak belastes kunden.

I slike tilfelle som nemnd over har HBIO rett til å etterberekna og krevja betalt for antatt forbruk med tillegg av forsinkelsesrenter i den tida tilegnelsen antas å ha vart.

## **15. Oppsigelse og heving. Overføring av fjernvarmeabonnementet.**

### *15.1 Oppseiing*

Om ikkje anna er avtalt kan kundeforholdet seies opp av begge parter med eitt års skriftlig varsel. Ved utflytning eller sal av eigendommen skal kunden inngå avtale som nemnd i pkt. 15.4 med ny eiger/bebuar. Dersom slik avtale ikkje oppnåas eller ikkje kan godkjennas, gjelder en oppseiingsfrist på 3 månadar.

Kunden har rett til å si opp kontrakten med tre månaders varsel dersom vesentlige deler av kontrakten endras etter pkt. 22. I slike tilfelle har HBIO alltid rett til å krevja at kontrakten opprettholdas på de tidligare leveringsvilkår.

### 15.2 HBIO hevingsrett

HBIO har rett til å heve kontrakten dersom kunden vesentlig misligheld sine forpliktingar. Som vesentlig mislighald skal bl.a reknas et betalingsmislighald som overstiger dato for avsending av varsel etter pkt. 12.1 (a) med meir enn ein månad eller gjentatte betalingsmislighald av kortare varighet. Heving innebær at fjernvarmeleveringen stoggar og kundens anlegg fråkoplas. HBIO kan vidare krevja erstatning for det tap selskapet vert påført som følgje av hevingen, og kontrakts forholdet forøvrig kan avvikles.

### 15.3 Overdraging av fjernvarmeabonnement

Ein kunde kan med HBIO skriftlige samtykke overdra sine rettigheter og pliktar etter disse leveringsvilkår. Avslag skal gis skriftlig og være saklig begrunna. Anmodning om overføring av abonnement skal være underskrevet av partane i overdragingsavtalen og innehald ein dato for overdraging av abonnementet samt aktuelle målarstand(er) ved dette tidspunkt.

Ved overdraging er den tidligare kunden ansvarlig for fjernvarmeforbruket frå perioden før abonnementet ble overført. Den nye kunden er ansvarlig for fjernvarmeforbruket etter overdraging.

Dersom kunden overfører sitt abonnement til en person innan same husstand, herunder sambuar eller annen bruker av same anlegg, kan vedkommande ikkje teikna ny avtale med mindre all gjeld til HBIO er betalt, eller den nye kunden overtar gjeldsforplikting.

### 15.4 Overdraging av grunn med ledningsanlegg

Ved overdraging av grunn som berører fjernvarmenettet er grunneiger frplikta til å overføre fjernvarmeabonnementet til kjøper av eigendommen, eller evt. de forpliktingar i disse leveringsvilkår som kan få følgjer for kjøper i eigenskap av grunneigar. Det vises særleg til dette punkt samt til pkt. 4.4, 5, 6, og 9. HBIO kan krevja framlagt dokumentasjon for at slik overføring har skjedd. Grunneiger/seljgar skal holde HBIO skadesløs for tap som følgje av at denne bestemming ikkje overhaldas.

## 16. Oppgjørsavregning ved oppseiing og heving

Ved oppseiing vil kunden bli avrekna og fakturert fram til utløpet av oppseiingsfrist eller det seinare tidspunktet når fjernvarmeleveransen stanses.

Ved heving vil kunden bli avrekna og fakturert fram til tidspunktet når fjernvarmeleveransen stanses.

## 17. Reklamasjon. Manglar

Kunden taper sin rett til å gjøre gjeldande mangel ved fjernvarmeleveransen dersom han ikkje innan rimelig tid og seinast innan en månad etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga manglande, gir HBIO skriftlig melding som angir kva slags mangel det gjelder eller korleis den kommer til uttrykk.

Fjernvarmeleveransen er mangelfull når den ikkje tilfredsstillar krava i dei tekniske spesifikasjonar som gjelder i det aktuelle fjernvarmeområdet, eller forøvrig ikkje er i samsvar med de krav til kvalitet og eigenskaper som følgjer av avtalen mellom partane. Det føreligg likevel ingen mangel dersom avviket ved fjernvarmeleveransen skyldas rettmessig utkoplingar etter pkt. 12.1 eller pkt. 2, eller andre forhold som kunden er ansvarlig for.

Dersom det føreligger en mangel ved fjernvarmeleveransen, kan kunden krevja retting etter pkt. 18, forholdsmessig prisavslag, erstatning etter pkt. 19 samt holde tilbake betaling. Kunden kan likevel ikkje heve avtalen.

## 18. Retting

HBIO har utan kostnad for kunden rett og plikt til å rette en mangel. Retting skal skje innan rimelig tid etter at kunden har reklamert over denne i henhold til pkt. 17 første avsnitt.

## 19. Erstatning

Kunden kan krevja erstatning for det tap han lider som følgje av mangel ved fjernvarmeleveransen, for såvidt ikkje HBIO sannsynleggjør at mangelen er forårsaka av en hindring utanfor HBIO kontroll som HBIO ikkje med rimelegheit kunne ventes å ta i betraktning på avtaletida eller unngå eller overvinne følgjande av. Dette gjelder likevel bare tap som kven som helst med rimelegheit kunne forutse som en mulig følgje av mangelen.

Ansvar etter denne bestemming omfattas ikkje slikt indirekte tap som nemnd i pkt. 20. HBIO er bare ansvarlig for indirekte tap når mangelen, skaden eller tapet er voldt ved grov uaktsomheit eller forsett frå HBIO leiding.

HBIO kan krevja erstatning frå kunden for det tap selskapet lider som følgje av manglar ved kundens anlegg eller andre forhold som kunden svarer for, med mindre kunden sannsynleggjør at mangelen er forårsaka av en hindring utanfor kundens kontroll som kunden ikkje med rimelighet kunne ventes å ta i betraktning på avtaletida eller unngå eller overvinne følgjane av. Dette gjelder likevel bare tap som en med rimelighet kunne forutse som en mulig følgje av mangelen.

Kundens ansvar omfattar ikkje slikt indirekte tap som nemnd i pkt. 20. Kunden er bare ansvarlig for indirekte tap når mangelen, skaden eller tapet er voldt ved grov uaktsomheit eller forsett frå kundens side.

Ansvar for personskade reguleras ikkje av disse leveringsvilkår.

## 20. Indirekte skader og tap (følgjeskade)

Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tap som anleggseigars/brukars kundar lider, produksjonstap, tapt fortjeneste som følgje av bortfall av kontrakt eller andre forhold, ansvarstap og tap som følgje av forureining.

## 21. Medverking og tapsavgrensingsplikt. Lemping av ansvar

Dersom kunden har medverka til skaden, skal HBIO ansvar settas ned eller falle bort. Det same gjelder dersom kunden ikkje i rimelig utstrekning har latt være å fjerne eller minske risikoen for skade eller å avgrense skaden. Dette gjelder tilsvarende for kundens ansvar i de tilfelle HBIO har medverka til skaden.

Gjenstandar som tåler særskilt lite eller som ikkje er vanlig å oppbevare på skadested, samt vassbærande ventilasjonssystem som ikkje er utstyrt med frostsikring, erstattas under ingen anstendighet.

Erstatning kan settas ned dersom den vil virke urimelig for HBIO ut frå tapets størrelse i forhold til det tap som vanlegvis oppstår i liknande tilfelle og forholdane elles. Tilsvarende gjelder for kundens ansvar overfor HBIO.

Skader skal varsle HBIO så raskt som mulig. Eventuelle tiltak som kunden ynskjer å iverksetta for å berekna skaden eller avhjelpe konsekvens av denne, skal varslas HBIO på førehand, så langt dette er mulig utan at kunden påførar ytterligere skade.

**22. Endring av leveringsvilkår og tariffer**

HBIO er berettig til å foreta slike endringer i disse leveringsvilkår som til einkvar tid sjåast nødvendig. Endringar er bindande for kunden frå vedtake, men tidligast 14 dagar etter kunngjøring av endring på HBIO heimesider, [www.HBio.no](http://www.HBio.no).

Tariffane endras i takt med variasjonane i energimarka og kunngjøras på HBIO heimeside så raskt som mulig etter at endringa har funnet sted.